



## Notat

Dato: 24.08.2017  
Arkivsak: 2014/278-45  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål frå Anne-Beth Njærheim

I fylkesutvalet 22.06.2017 stilte Anne Beth Njærheim fylgjande spørsmål under ymseposten:

«Eg framførte eit spørsmål om nye rutetilbod i Sunnhordland – Bømlo og lova å komme attende til det med meir informasjon. Innspel er frå innbyggjarar som bur på vestsida av Bømlo og sørover. Det gjeld innspel til buss-skyss på Bømlo.

- Det går ingen buss på strekninga Svortland – Langevåg etter klokka 1650. Ungdommar/pendlarar/eldre/Bømlo Folkehøgskule elevar kan ikkje komme seg heim med buss etter dette klokkeslettet. Etter klokka 1650 må alle foreldre på denne strekninga hente ungdommane som for eksempel. er på fotballtrening, Kulturskulen, TenSing, Turn osv. Før kunne ungdommar ta 2145 bussen frå Svortland til Våge/Langevåg av dei som gjekk på t.d. TenSing på Bremnes. Det er MANGE som saknar den gamle rutetida på denne strekninga.

Er det mogleg at strekninga mellom Svortland – Langevåg kan få i ein ekstra bussavgang på kveldinga, tilbake til gamal rutetid.

Når det vert gjort endringar, er det reduksjon av rutetilbodet, er det komme erstatningar slik at totaltilbodet ikkje er redusert? Korleis går SKYSS i dialog med kommunane, regionen når dei reviderer rutetilbodet.

Det er ein utfordring når ruter som medfører barn og unge som faktisk nyttar tilbodet forsvinn. Korleis då få opp kollektivtilbodet også i distriktet?»

### Svar fylkesrådmannen:

Trafikkplan Sunnhordland er vedteken i fylkesutvalet, og gir overordna føringar og rammes for rutetilbodet i det nye bussanbodet som starta opp no i sommar.

Det nye anbudet gir enkelte endringar i rutetilbodet, men innanfor rammene for produksjon i føregående kontrakt. Dette betyr omprioriteringar, der nokon vil få eit betre tilbod og andre ein reduksjon. I arbeidet med planen var kommunane – og operatør – inviterte og deltakande med innspel til omprioriteringar for å tilpasse tilbodet betre til dagens og framtidens reisebehov. Eit breitt faktagrunnlag i form av relevant statistikk og informasjon om transportbehovet ligg til grunn for endringane som er gjort.

I all hovudsak er det gjort få endringar i rutetilbodet i Bømlo kommune, men nokre avgangar og rutetider er endra. Mellom anna er det gjort endringar i rutetider til og frå Langevåg for å få betre kopling og korrespondanse til ferja til Buavåg og buss mot Haugesund, jf Trafikkplanen. Avgangen 18:02 er difor flytta til 16:50. Siste avgang 21:45 frå Svortland til Våge og vidare til Langevåg dersom reisande, er tatt bort. Statistikk over påstigande viser svært låg etterspurnad, og har difor ikkje vorte prioritert.

Tilbakemeldingar og innspel som kjem frå kundar, kommunar og andre interessentar er viktig informasjon for Skyss i arbeidet med å tilpasse rutetilbodet best mogleg. Der det er mogleg å finne løysingar innanfor dei gitte rammene, og som ikkje gir vesentlege konsekvensar for andre delar av kollektivnettet, kan ein løpande gjere mindre justeringar. Eventuelle endringar av meir omfattande karakter må takast inn i årleg ruteendringsprosess som i verksattast om hausten. Utgangspunktet vil framleis vere å gjere tilpassingar innanfor dei gitte økonomiske rammene.